



Seriøst arbeidsliv

Møre og Romsdal fylkeskommune

Møre og Romsdal fylkeskommune har som offentlig oppdragsgivar eit særleg ansvar for å fremje eit seriøst arbeidsliv. Vi skal arbeide for å redusere moglegheita og risikoen for arbeidslivskriminalitet og sosial dumping, og slik bidra til eit trygt og godt arbeidsliv for alle.

For å nå dette målet skal vi gjennomføre følgjande;

Avdelingane:

1. Seriøsitetskrava skal inn som krav i våre anbuds- og tilbudsførespurnader og deretter implementerast i kontraktane.
2. Seriøsitetskrava skal følgast opp mot kontraktspartane av avdelingane.
3. Seriøsitetskrava skal vere tema på interne møter om oppfølging av kontraktane.
4. Det skal gjennomførast kontrollar av HMS-kort og kven som er til stades på byggeplassane.
5. Det skal gjennomførast kontrollar av lønn- og arbeidsvilkår hos våre leverandørar og underleverandørar.

Leverandør:

1. Seriøsitetskrava skal jamleg vere tema på møter med entreprenørane slik at vi sikrar at seriøsitetskrava er forstått.
2. Vi skal ha sikkerheit for og vite at leverandørane har prosedyrar for å følge opp seriøsitetskrava og at prosedyrane vert brukt. Dette skal ein ta opp seinast i oppstartsmøte på kontrakta.
3. Leverandørane skal vite at seriøsitetskrava vil bli fylgt opp av fylkeskommunen.
4. Leverandørane skal vidareføre våre krav til sine underleverandørar.
5. Leverandørane skal følge opp at alle har gyldige HMS-kort, ajourførte oversiktslister og ha kontroll på kven som er til stades på byggeplassen.
6. Leverandørane skal gjennomføre kontrollar av lønn- og arbeidsvilkår hos sine underleverandørar.

Koordinator:

1. Koordinator skal inviterast til deltaking på oppstartsmøter/samhandlingsmøter for å sette fokus på arbeidet med seriøst arbeidsliv.
2. Koordinatoren kan gjennomføre byggeplassbesøk for å bli kjent med prosjekta og korleis oppfølginga av seriøsitetskrava er.
3. Koordinator vil legge opp til halvårlege dialogmøte med avdelingane der det m.a. blir tatt ein statusgjennomgang på arbeidet med seriøst arbeidsliv.
4. Ta kontakt med koordinator om de har spørsmål om seriøsitetskrava, regelverk mv.
5. Ta kontakt med koordinator dersom de har tilbakemeldingar og innspel til seriøsitetskrava, praktisering og erfaringar med desse. Dersom det skal kunne skje kontinuerleg forbetningsarbeid er tilbakemeldingar viktig!



Gunn Randi Seime

Konstituert fylkeskommunedirektør

